



Arkivnr: 2015/11149-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

### Saksframlegg

#### Saksgang

| Utval           | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet |        |          |

## Møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2018

#### Bakgrunn for saka:

Det blir med dette lagt fram forslag til møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2018. Planen er utarbeid med utgangspunkt i møteplanen for dei andre utvala som vart godkjend i fylkesutvalet 23.05.17. Vidare har vi i så stor grad som mogleg koordinert planen slik at den ikkje kjem i konflikt med andre oppgåver einskildmedlemmer i kontrollutvalet har, t.d. arbeidssituasjon og annan politisk aktivitet i eigen heimkommune. Det som ikkje er fanga opp på førehand kan gjerast kjent og vurderast i møtet. Sidan kontrollutvalet berre har 5 medlemmer er det føremålstensleg at møteplanen i så stor grad som mogleg vert tilpassa slik at alle dei faste medlemmene har høve til å møte.

#### Drøfting:

Møta i denne planen er føreslått lagt til måndagar. I tillegg er møta lagt til andre dagar enn dei dagane dei andre hovudutvala har møter. Dette m.a. for å unngå problem med å skaffe møterom. Det er så langt som råd er teke omsyn til skuleruta 2017-2018 og 2018-2019 for skulane i Hordaland. Det er tradisjon for at kontrollutvalet ein gong i året legg eit to-dagars møte ein plass ute i fylket. Dette vert kombinert med kommunebesøk samt synfaring på fylkeskommunale einingar og/eller einingar som får støtte frå fylkeskommunen. Følgjande opplysningar kan elles vera relevant i samband med oppsett av møteplanen:

- Avvikling av andre politiske møte i Hordaland fylkeskommune. Dette av omsyn til at administrasjonen ofte vert invitert til møte i kontrollutvalet, samt at nokre saker må bli klar i kontrollutvalet før dei skal opp i fylkesutval eller fylkesting
- Avvikling av politiske møte i eigen heimkommune
- Kurs og konferansar for kontrollutval og sekretariat
- Vinterferie for dei fleste skulane 26.2.-2.3.2018
- Påske 25. mars – 2. april
- Kristi himmelfartsdag 10. mai
- Pinse 20.-21. mai
- Festspela 23. mai – 6. juni
- Haustferie truleg veke 41, 8.-14. oktober

**Konklusjon:**

På bakgrunn av det som går fram over er det utarbeidd forslag til møteplan som ligg ved.

**Forslag til vedtak**

Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2018 vert godkjend slik den ligg føre.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Forslag til møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2018